

LYS VAKEN

Velkommen til
Lys vaken!



DEN NORSKE KYRKJA
Ørsta sokn



LYS VAKEN er eit kjekt tilbod for dei som er 11 år i år. Vi inviterer til forskjellige aktivitetar, mat, leik og læring- og ikkje minst til å **OVERNATTE I KYRKJA!**

Kva er Lys vaken?

LYS VAKEN er eit tilbod til alle som er fødde i 2013. Alle som er fødde dette året, og som er medlem i Den norske kyrkja, vert invitert.*

LYS VAKEN skal vere ein kjekk kveld og natt i kyrkja, der du får vere saman med andre, delta på kjekke aktivitetar og bli betre kjend i kyrkja vår i Ørsta.

LYS VAKEN blir leia av kateket Caroline Sefu og prest Kristian Myklebust.

Litt om programmet

Lys vaken tek til **laurdag 23.november kl 1700 i Ørsta kyrkje.**

Utover ettermiddagen og kvelden skal vi mellom anna ete i lag, gjere forskjellige oppgåver inne og ute, leike og ha det kjekt saman.

Vi skal også øve til gudstenesta **søndag 24.11 kl 11.** Her blir LYS VAKEN-deltakarane med, og vi håper at mange føresette, sysken og andre vil vere med.



Viktig informasjon til vaksne

Lys vaken skal vere trygt å delta på. Vi ber difor om at de kontaktar oss ved påmelding dersom det er særlege behov vi bør kjenne til

For å gjennomføre LYS VAKEN med overnatting, er vi avhengig av at nokre føresette kan stille som nattevakt. Les meir om dette i påmeldingsskjemaet. Dersom ingen kan stille, gjennomfører vi LYS VAKEN utan overnatting.

Påmelding

For å vere med på Lys vaken må du melde deg på seinast torsdag 21. november.

Du melder deg på ved å scanne QR-koda over, eller gå inn på www.kyrkja.no/lysvakeniørsta og melde deg på via linken der.

*Kjenner du nokon som ikkje er medlem i kyrkja, men har lyst å vere med? Be dei kontakte oss, så ordnar vi det!

Når?

Laurdag 23.november kl 17 til søndag
24.november kl 1230

For kven?

Alle som er fødte i 2013

Kva skjer?

Aktivitetar, leik, læring OG overnatting i
kyrkja!

Pris?

Gratis!

Ansvar?

Den norske kyrkja i Ørsta, ved kateket
Caroline Sefu og prest Kristian Mykle-
bust

Spørsmål? Kontakt Kristian Myklebust
tlf 905 95 410 eller kristian@orsta.kyrkja.no

kyrkja.no/orsta



DEN NORSKE KYRKJA

Ørsta sokn